


Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman. Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja, som har dette ansvaret.

Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja. Tilhøyrande tyder at minst ein av foreldra er medlem i kyrkja.

Dette inneber ein T-dag kvart år med ulike tema tilpassa alder. Like naturleg som å bera born til dåpen skal det vera å koma på T-dagar.




Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



STØRST AV ALT  
BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA  
VOSS

## Velkommen til babysong

i Oppheim kyrkje  
hausten 2018



## Me vil invitera dykk til **T**-dagar; BABYSONG I OPPHEIM KYRKJE

### **Kva er babysong?**

Babysong er leik med song, rim og regler, dans og lyd. Kjennskap til ulike lydbilete er også utgangspunkt for all språkutvikling. Me skal syngja ulike musikkjangrar, dansa saman og bruka ulike rytme-instrument.

### **Kvifor babysong?**

Som mor/far er det berre du som kjenner kommunikasjonen mellom deg og barnet ditt. For barnet er stemma di det kjæraste og næraste! Babysong handlar ikkje om å prestera, men om å gjera denne kommunikasjonen endå betre ved bruk av song og musikk. Denne invitasjonen vert sendt til døypte og tilhøyrande. Tilhøyrande tyder at minst ein av foreldra er medlem i Den norske Kyrkja.

Ingen forkunnskap trengs for å delta!

### **Kursleiar:**

Ellen Marie Selland Geithung, folkemusikkutøvar, lærar i kulturskulen. Medlem i foreninga Musikk fra livets begynnelse.

### **Praktisk.**

Babysong startar opp i veke 36, og går over 7 torsdagar. Me møtes kl 10.30 – 11.15 i Oppheim kyrkje. Her skal de ikkje ta med anna enn dykk sjølve, babyen og ein gulpeklut... Etter samlingane går me i kyrkjestova, der det vert smyrje-lunch. Invitasjon vert sendt til born fødd hausten 2017/ våren 2018, og deira føresette. Veit de om andre som har lyst til å vera med, ta kontakt med Ellen Marie Selland Geithung

Datoar for babysongsamlingane er desse torsdagane:  
06.09, 13.09, 20.09, 27.09, 04.10 (veke 41, haustferie),  
18.10 og 25.10.

Desse 7 samlingane er eit samanhengjande kurs.  
Påmelding (sms) til 980 645 94 innan **mandag 03.09.18**